

Sak til samarbeidsutvalet

Går til: Medlemene av utvalet
Utval: Samarbeidsutvala
Dato:
Sakshandsamar: Samarbeidssekretariatet (SSE)
Saka gjeld: **Særavtale til Tenesteavtale 2, 6 og 10 Samarbeid om opplæring av pasientar, brukarar og pårørande i eit lærings- og meistringsnettverk**

Saksnummer /17

Bakgrunn:

Opplæring av pasientar, brukarar og pårørande er ei lovpålagt oppgåve både for kommune- og spesialisthelsetenesta. Pasientforløp startar oftast i kommunehelsetenesta, nokre vil innom spesialisthelsetenesta for så igjen å ende opp der pasientane og brukarane bur, i kommunane. Det vil soleis være mykje å hente både medisinsk og økonomisk dersom tilboda i dei ulike tenestenivåa byggjer på kvarandre og utfyller kvarandre, slik at tenestane ser saumlause ut for brukarane våre.

LMS-Bergen er eit samarbeid mellom Helse-Bergen og Haraldsplass Diakonale sjukehus, som i 2014 fekk tildelt 1.2 mill. kr i samhandlingsmidlar frå Helse Vest. Målet med samhandlingsmidlane var å utvikle «verktøy» for fagfolk som skulle bidra i undervisning av pasientar, brukarar og pårørande spesielt med fokus på endring av levevaner og mestring av kvardagsutfordringar. Vidare var det ønskje om å mobilisere og styrke kompetansen og samhandlinga mellom kommune- og spesialisthelsetenesta gjennom eit Lærings og Mestringsnettverk (LM nettverk). Nettverket har vært leia av ei arbeidsgruppe som har hatt ansvar for og som vil kunne fortsette å ha ansvar for å:

- vidareutvikle og bygge solide nettverk (LM nettverk) for fagfolk som skal bidra i opplæring av pasientar, brukarar og pårørande
- bidra til at kompetanseutvekslinga mellom kommune- og spesialisthelsetenesta vert tryggare, meir effektiv og at dialog med pasientar /brukarar og pårørande blir mest mogeleg saumlaus
- etablere kompetansemøduklar for fagfolk som vil inngår i ei «verktøykasse» for læring, mestring og endring

I samråd med samarbeidsutvala vart ein samde om at halvparten av samhandlingsmidla skulle nyttast til å etablere ei arbeidsgruppe for LM nettverket. Kvart samarbeidsutval fant ein person som representerer deira kommunar. I løpet av prosjektperioden vaks nettverket både ute i kommunane og inn i sjukehusa, mange nye tilbod vart etablert og mange tilbod er p.t. i startgrova. Kvar kommunerepresentant samt ein person fra spesialisthelsetenesta, fekk dekkja ein stillingsressurs tilsvarande 20 % frå samhandlingsmidlane. Disse personane saman med ein brukarrepresentant utgjorde arbeidsgruppa. Arbeidsgruppa har kartlagt LM verksemd i kommunane og helseføretaka og held ein løpande oversikt over kva tiltak som er sett i verk for kven, kva som er under planlegging og held ein løpande oversikt over kven som inngår i LM nettverket. Arbeidsgruppa i LM nettverket har vært og vil vera heilt sentral i arbeidet med saumlause og heilskaplege LM tilbod. Den andre halvparten av samhandlingsmidlane vart brukt til å utvikle kursmodulane det er vist til ovanfor.

Drøfting:

Gjennom denne avtalen ønsker ein å føre vidare eit godt samarbeid om lærings og mestringstilbod mellom sjukehusa og kommunane via LM nettverket. Både LM-nettverket og kompetansem modulane er svært godt evaluert av involverte parter (evalueringsrapportar kan innhentast om ønskelig).

I tillegg til lover og dokumenter nemnt i tenesteavtalene byggjer denne særavtalen på

Helsedirektoratet sin nye rettleiar: «*Veileder for rehabilitering og habilitering, individuell plan og koordinator – inkludert læring og mestring*».

<https://helsedirektoratet.no/retningslinjer/rehabilitering-habilitering-individuell-plan-og-koordinator>. Denne

rettleiaren stiller klare krav til kommunane og sjukehusa om innhald og organisering av tenestane samt forankring av avtalar. Følgjande punkt er viktig i rettleiaren: 2, 3 og 6:

2. Læring og mestring er viktige element i et heilskapleg forløp.

3. Sterkare leiारforankring av koordinering og samarbeid.

6. Betre tverrfagleg og tverr sektorielt samarbeid.

Desse punkta understøttar kravet om meir formalisert og gjensidig forpliktande avtale når det gjeld LM-verksemd.

Forslag til vedtak:

Samarbeidsutvalet for tilrår at partane sluttar seg til *Særavtale til Tenesteavtale 2, 6 og 10 Samarbeid om opplæring av pasientar, brukarar og pårørande i eit lærings- og meistringsnettverk.*